Emne nr. 7 Fylke: Vestfold

Emne: Skav Herad: Lardal

Oppskr. av Andreas Kopeid

Etter Joh. P. Steinsholt, Steinsholt. F. 1881 på Steinsholt. Faren var handverkar og hadde eit lite bruk. Lærar i Lardal (Steinsholt) 1909-57.

1. Ikkje noko serleg namn.
2. Ukjent
3. Verbet sterk: skav, eller linn: skavde. Det siste mest vanleg millom dei unge.
4. Dei nytta skav i hans barndom.
Det var eit nødfôr og vart serleg bruka på mindre bruk
5. Heime hos J.P.S. voks det mykje hegg som dei skav, men det var vel betre med selju og rogn. Veit ikkje korleis det var med osp. Kjenner ikkje til at dei har skava hartre eller or.
Selju var best, trur han.
6-7 Ukjent.
8. Det var kvinne som gjekk skav. Sauen kunne nok få han og, men det var mest vanleg å la han skava sjøl.
Det var om våren dei nytta skav.
Veit ikkje eikkert korleis dei gjekk skavet, men tykkjest å hugsa at dei kvinne gjekk det for seg sjøl oppi båsen.
Kjenner ikkje til om det var noko skav som kyrne ikkje ville eta.
9. Har ikkje høyrt at det vart meir mjølk, men er lurer på om dei ikkje rekna på at melka ble feitare"

Kjenner ikkje til at skavet hadde nokon innverknad
på smöret eller trivsla.

10. Dei drog eins brend etter skavved, men det var aldri
lang veg.
Dei skav aldri av brenneveden.
Det vart nesten ikkje brukt hesjer den tida.

11-13. Ukjent

14. Det var om våren ein henta skav.
Det var ikkje rekna for noko tungt arbeid.
Det kunne difor ikkje koma på tale å „lida med
jenis" ved å henta skav. Derimot har han høyrt dei
snakka om at ein skulle grava halle langfredag,
men kjenner ikkje til at det vart gjort nokon gong.

15. Dei sat inne i stua med skavinga. Det kunne vera
kalt, så borken var frosen og måtte tinast.

16. Han trur dei nytta vanleg tolgjekniv. Kjenner ikkje
til at dei nytta bandkniv, „ da måtte de jo sette
fast veden". Far nytta bandkniv mykje til sitt ar-
beid. Kjenner ein reiskap som liknar skjeve, den
vart nytta til å skava tran o.l. med. Kjenner
ikkje skavljå.

17. Dei spikka på vanleg måte

18. Skavhøl ukjent.

19. Dei sat på ein stol eller krakk.

20. Kjenner ikkje noko namn på veden dei skav; kan-
hende skavved.

21. Borken heitt skav.
Kjenner ikkje noko namn på borkbitane.

22. Det var vesentleg greiner ein skav.
Det var ingen viss lengde på veden, men deta
var vel omlag ein meter til vanleg.

23. Ukjent.

24. Kjenner ikkje til at det var visse krav om
korleis skavet skulle vera. Skavremsene

9607

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kunne vera opptil 30-40 cm. lange.
Det skulle ikkje vera ved ved.
Har ikkje høyrt om nokon som var sers flinke
til å skava.

25. Veden som var avskoven, vart lagt ut. Om Sommaren vart den høgd opp og nytta som vanleg ved.

26. Siste gongen han har høyrt det vart nytta skav, var heime i 1890-åra ein gong.



9607